



Retningslinje for tildeling av rehabiliteringsopphald i institusjon

Gjeld frå 1. januar 2020



ALVER
KOMMUNE



Innhold

Kapittel 1. Innleiande reglar	2
1. Formål.....	2
2. Definisjonar.....	2
Kapittel 2. Kriteria for tildeling	2
3. Behov for rehabilitering i institusjon	2
4. Andre former for rehabilitering skal være vurdert eller prøvd ut	3
5. Kartlegging av behov	3
6. Utmåling av rehabilitering.....	3
Kapittel 3. Avsluttande reglar	4
7. Vedtak.....	4
8. Iverksetting	4



Kapittel 1. Innleiande reglar

1. Formål

Retningslinja skal klargjere vilkåra for å få rehabiliteringsopphald i institusjon i Alver kommune.

2. Definisjonar

- a) **Rehabilitering:** Tek utgangspunkt i brukaren sin livssituasjon og mål. Rehabilitering er målretta samarbeidsprosessar mellom brukar, pårørande, tenesteytarar og på relevante arenaer. Prosessane er kjenneteikna ved koordinerte, samanhengande og kunnskapsbaserte tiltak frå aktørane. Formålet er at brukaren, som har eller står i fare for å få begrensningar i sin fysiske, psykiske, kognitive eller sosiale funksjonsevne skal gjevast mulegheit til å oppnå best muleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet.
- b) **Rehabiliteringsopphald i institusjon:** Opphald på døgnbasis med formål å byggje opp pasienten til størst mogeleg grad av eigenmeistring og livskvalitet.
- c) **Tverrfagleg team:** Eit tverrfagleg team av ergoterapeut, fysioterapeut , sjukepleiar og hjelpepleiar. Lege deltek ved behov.
- d) **Motor-gruppa:** Eit tverrfagleg team av ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleiar som gjer kartlegging av brukarar som kan vere aktuelle for kvardagsrehabilitering.

Kapittel 2. Kriteria for tildeling

3. Behov for rehabilitering i institusjon

Brukar må ha eller stå i fare for å få begrensningar i sin fysiske eller kognitive funksjonsevne.

Brukar må ha omfattande behov for nødvendige helse- og omsorgstenester. Med omfattande behov meinast at brukar har behov for ein målretta innsats gjennom døgnet for å opprettehalde, attvinne, vedlikehalde og betre funksjon, førebygge funksjonsfall eller lære å meistre livet med sjukdom og funksjonsnedsetting. Brukar må ha behov for bistand til rehabilitering gjennom døgnet.



Rehabilitering på døgnbasis kan gjevast uavhengig av om brukar har tidsavgrensa eller vedvarande behov for rehabilitering.

Rehabilitering på døgnbasis er ikkje aktuelt for brukarar som er vurdert til å ikkje ha rehabiliteringspotensiale.

Døgnbasert rehabilitering i insititusjon kan gjevast sjølv om ein ikkje oppfyller vilkår i pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 e.

Rehabilitering på døgnbasis kan gjevast uavhengig av brukaren sin buform.

4. Andre former for rehabilitering skal være vurdert eller prøvd ut

Rehabilitering på døgnbasis kan nyttast når rehabilitering på andre arenaer er prøvd ut eller vurdert som ikkje aktuelt.

Dersom rehabilitering på døgnbasis i regi av spesialisthelsetenesta eller andre rehabiliteringssentra kan nyttast, bør dette vurderast før det kan tildelast rehabilitering på døgnbasis i kommunen.

5. Kartlegging av behov

Det må vere vurdert eller føreteke ei utgreiing som viser at brukar har mulegheit til å oppnå betre funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i utdanning og arbeidsliv, sosialt og i samfunnet.

Ved overgang frå sjukehus til rehabilitering på døgnbasis skjer utgreiing/kartlegging som hovudregel i regi av forvaltningskontoret. Unntaksvis kan kartlegging skje ved bruk av korttidsopphald med bistand frå tverrfagleg team og lege ved rehabiliteringsavdelinga.

Ved overgang frå heimen til rehabilitering på døgnbasis skjer kartlegging i regi av forvaltningskontoret. Ved behov kan motor- gruppa gjennomføre kartlegging. Unntaksvis kan kartlegging skje ved bruk av korttidsopphald med bistand frå tverrfagleg team og lege ved rehabiliteringsavdelinga.

6. Utmåling av rehabilitering

Rehabilitering på døgnbasis skal som hovudregel gjevast med ein varigheit på 3 veker. Kortare eller lengre opphald kan gjevast i særlege tilfelle.



Kapittel 3. Avsluttande reglar

7. Vedtak

Forvaltningskontoret gjer vedtak om tildeling av rehabiliteringsopphald på døgnbasis etter denne retningslinja.

8. Iverksetting

Denne retningslinja gjeld frå 1. januar 2020.